

# **SAKSFRAMLEGG**

---

Sakshandsamar: Jarle Skartun  
Arkivsaksnr.: 16/2911

---

Arkiv: 151

**Budsjett 2017 , økonomiplan og planleggingsprogram 2017 - 20,  
oppfølgjing etter kommunestyret sitt vedtak.**

**Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet tek til etterretning rådmannen sitt arbeid med ferdigstilling av «budsjettboka» vedteke av Luster kommunestyre i k-sak 75/16 den 16.12.16

Endeleg kommuneopplegg i statsbudsjettet vert å kome tilbake til, seinast ved handsaming av T1.

Rådmannen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for utarbeiding av «kommuneanalyse» og «skulebruksplan.»

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg: Budsjett 2017 , økonomiplan og planleggingsprogram 2017 - 20, vedteke av Luster kommunestyre i k-sak 75/16 den 16.12.16**

## **Uprenta vedlegg:**

### **Samandrag:**

Rådmann har ajourført budsjettdokumentet.

Etter forliket i statsbudsjettet er det framleis ein del uklare tilhøve på korleis løyvingar med føringar, øyremerk eller ikkje øyremerk skal forståast.

Det vert tilrådd å kome tilbake til dette når endelege avklaringar ligg føre.

Rådmann har og gjort dei første førebuingane på utgreiingsarbeid, definert i budsjettet, slik at det er grunnlag for å kome i gang med dette arbeidet.

**Utval som har vedtaksmynne:** Formannskapet.

### **Fakta:**

Kommunestyret 16.12 vedtok budsjett for 2017 og økonomiplan og planleggingsprogram for 2017-2010.

I høve formannskapet si tilråding så vart det vedteke ekstra tiltak med å initiere, finansiere og arbeide ut ny reguleringsplan for Fv 55 Nes –Høyheimsvik.

I vedtaket, pkt 9, fekk rådmann fullmakt til å redigere, rette opp feil og innarbeide kommunestyret sitt vedtak.

### **Vurdering:**

#### Opprettning.

Budsjettet med tilhøyrande dokumentasjon som kommunestyret handsama 16.12 var rimeleg godt oppdatert etter formannskapet sitt vedtak og tilråding av 07.12.

Dei endringane som no er gjort i budsjettdokumentet er derfor fåe og små.

Reguleringsplan for Nes-Høyheimsvik er innarbeidd i budsjett og planleggingsprogram.

Framdriftsplan er vanskeleg å definere no slik at det må ein kome tilbake i T1 ev i ei eiga sak.

Formannskapet har og fått fullmakt til å tilpassa planleggingsprogrammet.

Me tek no kontakt med Fylkeskommunen/Statens vegvesen der me tek initiativ til planen og viser til finansieringsløyving og så drøftar med dei korleis planarbeidet skal førast vidare/gjennomførast.

I tillegg til dette punktet er nokre punkt redigerte og retta opp slik at budsjettet er tydeleg og i samsvar med dei politiske føringane. Jf at det under handsaming i formannskapet og kommunestyret 16.12 er protokollert nokre element som ikkje er del av tilråding, men som bør innpasserast i budsjettdokumentet.

Rådmannen har retta opp/supplert og justert budsjettdokumentet slik at det så langt rådmann har oversyn over er i samsvar med vedtaket. Det kan og informerast om at rådmann har utarbeidd svar på alle innkomne innspel til budsjettarbeidet og framlegget som låg ute til ettersyn. Desse er under utsending.

### Forlik statsbudsjett.

Forliket i årets statsbudsjett kom i år svært seint. Oppfølging av dette i komiteane i Stortinget og endelig Stortingsvedtak for kommuneoppgjeret har me ikkje makta å få full klargjering av. I løpet av januar er det pårekneleg at dette ligg føre med eksakte løyvingar føringar og presiseringar. Me har reservert løyving på om lag 1 million kroner til dette som ikkje er disponert. I budsjettarbeidet er det føresett å vente med korleis denne løyvinga skal nyttast til me har full oversikt over rammeløyving og øyremerkte løyvingar. Seinast i T1 vert dette å ta nærmere stilling til. (ev i tidlegare kst.)

### Utgreiingsarbeid.

I lys av ein krevjande økonomiske situasjon er det vedteke å gjennomføra nærmere utgreiingsarbeid som grunnlag for tilpassing av økonomien.

Det er føresett at me skal nytta ekstern hjelp til dette arbeidet. Det er også føresett at utgreiingsarbeid skal vera gjennomført innan 1.06.

Det er rådmann si vurdering at det hastar noko med å kome i gang med dette arbeidet ut frå tidsomsyn. Arbeidet med å søke etter ekstern hjelp vil ta noko tid og dei som vert valde må ha omrømings og planleggingstid før det konkrete arbeidet tek til.

I kommunestyret sitt vedtak pkt 10 er vesentlege delar av kva utgreiingsarbeid som skal gjerast omtalt/definert.

*Budsjettarbeidet for 2017 har synt at Luster kommune har store utfordringar i høve til driftsutgifter dei nærmaste åra. For 2017 vert utfordringane i hovudsak løyst ved avdragsutsetjing på lån, bruk av fond og generell innstramming på drift. Frå 2018 må ein ta større grep for å få driftsutgiftene ned. Som grunnlag for krevjande politiske vedtak treng ein eit godt grunnlag som synleggjer alle dei ulike alternativa.*

*Ein treng ein total gjennomgang av organisasjonen Luster kommune. Ein må halda utanom pleie - og omsorg som no er midt i ein viktig omstellingsprosess. Gjennomgangen må ta utgangspunkt i dei lovpålagde oppgåvene og sjå kva oppgåver og nivå Luster har på andre oppgåver som ikkje er lovpålagde. Alle sider ved drift og bruk av ressursar må ein sjå på. Framlegg til endringar må konsekvensutgreiast.*

*Skulestrukturen må vera ein særskild del av denne gjennomgangen. Ein må ha ein fagleg/pedagogisk vurdering av alle endringsframlegg. Ein må også sjå kva handlingsrom ein har i høve til eksisterande bygningsmasse. Det må vera utgreiingar som synleggjer netto innsparingar med alle framlegg. Ein må også ha fokus på belastningar for borna i høve til reiseveg og trygg skuleveg. Som ein del av utgreiinga må ein også sjå på kva betydning skulen har for bygdene. Ein må synleggjera kva som er skulefaglege-/pedagogiske vurderingar og kva som er "distriktpolitiske" vurderingar.*

*Ein må leiga inn kompetanse/ressursar for å gjera denne jobben. Arbeidet må vera avslutta innan 1.juni 2017.*

*Formannskapet må vera styringsgruppe for arbeidet.*

Her er vedteke at det skal gjerast ein total gjennomgang av organisasjonen Luster kommune med unnatak av omsorgstenesta. Skulestruktur er definert som ein særskild del av gjennomgangen. Målet er å etablere eit godt/best mogeleg grunnlag for å redusere driftsutgiftene.

Når det gjeld omsorgstenesta så ligg det føre kommunestyrevedtak på at ny organisering/omstillingsarbeidet skal virke 2 år før evaluering. Gjennomgang av dette vil derfor verta tidleg 2019.

Når det gjeld total gjennomgang av organisasjonen Luster kommune så kan det vere «mykje og mangt» og må/bør presiserast nærare.

Rådmann har signalisert ein noko reservert holdning til ein slik «total gjennomgang» og utfordrar på noko nærare presisering av innhald og omfang.

Rådmann si tilråding vil vere å starte med ein analyse der ein ser på;  
-inntekts- og utgiftsnivå.

-kostnadsnivå på ulike funksjonar.

-tenester, tenestenivå på ulike tenesteområde inkl gjennomgang av lovpålagde oppgåver og andre oppgåver.

I analysen bør det gjerast relevante samanlikningar med andre kommunar.

Ut frå analysen bør ein så velja område som ein ynskjer vurdere nærare og gjere ytterlegare konsekvensutgreiingar for ev endringar.

Ei slik stegvis utgreiing vil vere ressurseffektiv.

Rådmann vil og tilrå at ein som eit eige arbeid, uavhengig av total gjennomgang, går direkte på ei nærare vurdering av skulestruktur ev under nemninga skulebruksplan. I planen må ein vurdere noverande struktur opp mot alternative framlegg. Jf og føringar frå kommunestyrevedtaket.(over)

Fordelen med ei slik tilnærming/deling som dette er tidsbruk og det at ein kan knyta seg direkte opp til kompetente fagmiljø/konsulentar innan grunnskule.

### Økonomi.

Det er avsett midlar til utviklings- og endringsarbeid i budsjettet. Det er ei generell løyving plassert som tilleggsløyving.

Ved budsjettregulering bør det budsjetterast konkret til utgreiingsarbeidet, men førebels er det vanskeleg å kalkulere behov. Det vil avhenge av omfang av utgreiing og oppfølgingsarbeid. Minimum må det reserverast 500.000 til desse to utgreiingsarbeida som rådmann skisserar i saka.

Det er dekning i budsjettet til saka og formell budsjettering vert avklart fram mot kst 17.02.

### Vidare arbeid.

Det vil vere ynskjeleg å kunne arbeide vidare med å innhente ekstern hjelp.

Det må lagast ei nærare oppdragsskildring med utgangspunkt i føringar frå budsjettet og så må min tre kvalifiserte miljø spørjast om tilbod.

Pris, opplegg, kvalifikasjonar og referanseprosjekt vil vere relevante kriterie for val av konsulent. Rådmann spør om fullmakt til dette arbeidet.

Utgreiingsarbeidet må gjerast i god dialog med kommunen. Administrativt må det etablerast ei organisering med utgangspunkt i våre ordinære fora. Tilsette både direkte og via tillitsvalde må sikrast god medverknad

Med formannskapet som styringsgruppe ser ein føre seg rapportering på kvart formannskapsmøte framover.

Til møte 31.01 bør me kunne skissere noko meir om oppdragsskildring, framdriftsplan og organisering.

Dato: 05.01.17.

Jarle Skartun  
rådmann

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: